

FORSKRIFT - UTVIDA BANDTVANG FOR HUND I KLEPP KOMMUNE, ROGALAND

Fastsett av Klepp kommunestyre 19. mai 2008 med heimel i lov av 4. juli 2003 nr 74 om hundehold § 6

- § 1 Eigar eller innehavar av hund skal halde hunden i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida 1. april til 30. september.
- § 2 Hund skal haldast i band heile året:
- a) i og i tilknytning til bustadområde og handleområde,
 - b) i parkar, på kyrkegardar, grav- og urnelunder, på og ved skular, barnehagar og anlegg for leik, idrett, sport eller rekreasjon,
 - c) *i landskapsvernområdet* på Selestranda frå Sola grense til Figgjoelva, *i landskapsvernområdet* på Borestranda frå Figgjoelva til Fuglingane, i turområdet langs Frøylandsvatnet frå RV505 til Time grense og i Kleppelunden.
- § 3 Denne forskrifta gjeld ikkje for:
- a) dresserte gjetarhundar i arbeid
 - b) tenestehund i arbeid, samt under lovleg trening eller prøving
 - c) hund nytta i ettersøk etter såra eller sjukt vilt
 - d) jakthundar som nyttast under lovleg jakt, samt under lovleg trening eller prøving og som blir følgd på forsvarleg måte av eigar eller innehavar
 - e) organisert trening av brukshundar.
- § 4 Eigar eller den som har ansvar for hund pliktar straks å fjerne ekskrement som hunden let etter seg i naturen utanfor eigen eigedom. Hundepose skal ikkje kastast i naturen, men tas med og kastast på eigna stad.
- § 5 Brot på denne forskrifta er straffbart, sjå lov om hundehald 4. juli 2003 nr. 74 § 28.

Gjennom egne forskrifter vedtatt av Kongen i statsråd for fuglefredingsområde, er det bandtvang heile året langs Jærstrendene frå Reve havn til ca 100 m sør for Orreelva og frå Haugaura til Sylterura, vidare rundt Orrevatnet, søre enden av Horpestadvatnet, og Grudavatnet, Alvevatnet og Lonavatnet.